

Årsmelding 2025

For foreininga Kjeldsund

Kjeldsund 7. mars 2026

2025 var det første året Kjeldsund vart driven sjølvstendig frå NMS. Det har vore eit spennande år med mykje aktivitet, restaurering og omorganisering. Styret er spesielt glade for at vi no har tette tak på Kjeldsund, noko som vil sikre at born og unge også i framtidige generasjonar kan nytte staden til leir. Men vi ser også at vi har hatt eit år med underskot og i 2026 må vi derfor gjere naudsynte grep i drifta, for å få den over på eit positivt resultat.

I styret denne perioden:

Barbro Landmark (Leiar)

Paul Sindre Vedeld (Nestleiar)

Karen Lim Myrene (Styremedlem)

Jan Øystein Aksens (Styremedlem)

Inge Kaldhol (Styremedlem)

Øyvind Storøy (1. vara)

Hildegunn Drabløs (2. vara)

Styret har i 2025 gjennomført 8 styremøter og handsama til saman 61 saker. I tillegg har mange i styret bidratt strekt til dei mange aktivitetane og arbeidet som har gått føre seg på staden.

Styret har og gjennomført eit større strategiarbeid som vil bli handsama på årsmøtet.

Basarkomiteen

Vi er så heldige at vi har ein eigen basar komité som har ansvar for Kjeldsundbasaren samt forvaltning av dei midlane som kjem inn.

I 2025 har denne gruppa bestått av

Bodil Leinebø (Leiar)

Kristian Arnevik (Kasserar)

Anne Toril Håheim (styremedlem)

Maria Warholm (styremedlem)

Pernille Sande (Styremedlem)

Sama Haify (styremedlem)

Øyvind Storøy (svart belte i loddsal og kontakt inn mot driftsstyret)

I perioden har basarkomiteen samla inn og omsøkt kr 147 228,40!

Desse midla har vorte realisert i nytt hoppeslott, møblar til teltet og i 2025 starta dei prosessen med å sette i stand aktivitetsrommet i kjellaren på møtesalen til glede for born og unge på leir.

I tillegg har mange av medlemene delteke som frivillige i ulike aktivitetar på staden. Vi er veldig glad for det gode samarbeidet vi har, og at de er med å bygge staden slik at born og unge også i framtida kan kome på leir på Kjeldsund.

Tilsette

Av faste tilsette starta vi og avslutta året med 3 årsverk fordelt på 4 tilsette. I løpet av året har vi nytta mange timetilsette for å få gjennomført bestilte arrangement.

Vi tilsette og ein leiar på kjøkkenet våren 2025 men valde å avslutte samarbeidet på hausten.

Ved utgangen av 2025 var vi 4 faste tilsette. I til saman 300% stilling.

Aktivitetar i denne perioden.

Overnatting:

Av grupper med overnatting som kommer innanfor formålet til Kjeldsund har det til saman vært 33 grupper med 1610 ulike personar, og til saman 2470 gjestedøgn.

Grupper innafor formålet til Kjeldsund			
Organisasjon	Antal	Antal deltakarar	Gjestedøgn
NMS U Leirar	6	291	582
NMS Leirar	1	25(30)	50
Konfirmasjonsleirar	4	239	582
Andre BU.org.	3	93	172
Skuleklassar m. underhald	6	336	336
Skuleklassar sjølvpensjon	8	512	512
Leirskule m.undervisn.	1	30	90
SUM	33	1610	2470

I tillegg kjem rein kommersiell drift som utleige til gjestearbeidar*, enkeltturistar* og kurs/konferanse. Der hadde vi i 2025 til saman 2079 gjestedøgn.

*Hyttene og styrarhuset leiger vi ut utan å telle antal. Det vil si at dei vil telle som berre 1 gjestedøgn per døgn uavhengig av kor mange buande det er. Vi har derfor ikkje det reelle gjestedøgnsstalet på desse kundane.

Aktivitetar:

I løpet av året har vi hatt mange ulike aktivitetar. Ikkje alle desse er lett å kvantifisere. Til dømes har vi vore stikkuttur på vinterstid, og nytta av mange i området både til kanopadling, disk-golf, fotballkampar, gapahukturar, speidarar, barnehagar og skuleklassar på tur.

Vi har i drifta delt mellom kommersiell aktivitet og formålsaktivitet. Formålsaktiviteten er det vi gjer for å nå måla våre, mens det kommersielle er for å tene pengar og drive staden.

Av formålas aktivitetar har vi hatt basar, Åge Samuelsen kveld, områdestemne for NMS, kyrkjelydsfestar for både Ulstein og Herøy, Påskevandring og påskeaktivitetar, Jonsok, julebasar og open julefeiring. Til saman har fleire tusen personar delteke på dei ulike dagarrangementa.

Av kommersiell aktivitet har vi hatt 33 potetballdagar med til saman 2197 ball-porsjonar 5 søndagsmiddagar(263 gjestar) og 5 bacalao dagar(167 gjestar) 10 konfirmasjonsselskap, 2 bryllaup 11 minnesamvære og om lag 50 møter og åremålsdag/mindre lag og samlingar med matservering utanom balldagar og dagar med planlagd servering.

Oppussing, bygging og vedlikehald

2025 starta vi med oppussing av romma oppe på hovudhuset. Her vart veggane malt og tapetsert, lys fornya og nye nattbord innkjøpt. I tillegg vart det tatt ein del av det elektriske anlegget som var slitt og utdatert. Det hadde vi fått pålegg om etter ein el-kontroll. Lysbrytarar, støpsel, skrusikringar og gamle brannfarlege panelomnar vart bytta ut.

I April starta vi opp arbeidet med skifting av tak på borgstova og møtesalbygget. På Borgstova var tilstanden som forventa og arbeidet gjekk til budsjett. I møtesalbygget støytte vi på overraskingar da det var meir råte enn vi trudde, og taksteinen var i dårleg forfatning og måtte kastast. Her løp det mange ekstra kostnader. Arbeidet førte og med seg ein del ekstraarbeid for drifta, mykje rydding og ekstra pynting og sikring i forhold til arrangement.

Den gamle møtesalen har og fått restaurert vindauge og i kjellaren er det satt inn nye vindauge der det var plater.

Både Borgstova, den gamle møtesalen, og øst veggen på møtesalbygget vart malt på dugnad.

Ein stor takk til den fantastiske dugnadsgjengen vår som i heile perioden har stilt opp og utført male og ryddearbeid! Utan dykk hadde vi ikkje komne i mål!

Utvikling av drifta på Kjeldsund i 2025

I tillegg til bygge arbeidar har vi i perioden fått både nye nettsider, logo og ein rekke nye avtaler etter overgangen til foreining. NMS U har og fått ny tilsett og vi gler oss over samarbeidet med Hilde Lervik Langås i tida framover. Det har og blitt etablert eit leirfond som vi håper kan vere med å sikre berekraftig leirdrift i åra framover.

Kjeldsund har i perioden også delteke i eit reiselivsprosjekt i regi av Destinasjon Ålesund og Sunnmøre, her har vi mottatt kompetanse på reiseliv og dette vil ruste oss godt i møte med framtida kor nye aktivitetar og naudsynte endringar skal gjerast. Spesielt fint har det vore å etablere eit nettverk med fleire av dei lokale reiselivsbedriftene.

Frie og villige!

Tusen takk til alle dei fantastiske frivillige som gjennom året har bidrege til dette viktige arbeidet med små og store oppgåver. Vi har ikkje heilt kontroll på dugnadstimane men det dreier seg om mange årsverk når alt blir tatt med! Vi er audmjuke og takknemlege for alle som vil denne staden og dette arbeidet vel og håper å ha dykk med vidare inn i framtida!

Kjeldsund 7. mars 2026